



Vikøy Sokneråd
Postboks 39
5600 Norheimsund

Referat frå soknerådsmøte i Norheimsund kyrkje 9.april kl.19.00

Frammøtte: Vetle, Magne, Tove, Astrid, Helene, Randi, Solfrid, Brynhild og Gudrun

Opning: Tove spelte Kristi blodsdråper av Sæverud

Mat: Randi hadde laga nydelege lappar

15/24 Godkjenning av innkalling og referat: Godkjent. Ingen merknader.

16/24 Evaluering og orienteringssaker

- Oppsummering av årsmøtet:
 - Innspel om å streme gudstenester til institusjonar i Kvam: Forslaget har vore oppe på stabsmøte. Det høyrest enkelt ut, men det er mykje å ta omsyn til. Vetle kontaktar Jens Meyer på Bispedømmekontoret og hører om det er nokre vellukka døme på dette.
 - Oppfordring om vidare godt samarbeid med bedehusa: No når det vert diskutert sal av bedehusa, er det viktig å fylgja med.
- Fasteaksjonen: 5-6000 kr kom inn i kontantar. I juni kjem resultat frå Vipps-innsamlinga. Me var mange vaksne frå soknerådet. Me vurderer vegen vidare når me veit kor mykje som kom inn på Vipps. Lurt å engasjera fleire vaksne slik at alle rodene vert dekkta.
- Garnesskonsert: Bra med folk! Det vart ein del i underskot (kanskje opp i mot 10.000 kr). Årsaka er truleg kollisjonen med konserten i bedehuset.
- Kyrkja sine gudstenester i påska: Det har ikkje vore vanleg å ha gudsteneste i kyrkja på palmesøndag. SR er positive til at palmesøndag vert markert i bedehuset i Norheimsund, og at det vert gudsteneste i Øystese. Kanskje påskennattsgudstenesta skal flyttast til Øystese? Der er det fleire flyktningar som er van til å gå på påskennattsgudsteneste
- Fosse dagane: 9. og 10.mai. 10.vert det temamøte.
- Trusopplæring (kyrkjokino og legoklubb): Ein liten gjeng på 6 stk var her i Nhs. Det krasja med fotballcup i Bg. 25 kom på Legoklubben. God oppleveling.
- Ny rutine med kontantar i offer: Hugs å fylla ut skjemaet og legg i sakristiet.
- Påminning om bønemøta på onsdagskveldar: Bøn 18
- Nytt frå fellesrådet: Forslag til minnelund i Nhs.
- Gudstenestoplanen vidare for 2024-2025: Samarbeid med Nhs indremisjon. Soknerådsleiar bør vera med på planleggingsmøte.

17 / 24 Brureparbiblar. Einstemming vedteke at me fortset å gje brurepar Bibel i gåve. Pris kr 649.

18 / 24 Dugnad. Kva treng me av utstyr og kva bør bli gjort? Korleis informera slik at folk stiller opp?
Forslag til datoar: Vikøy tysdag 14.mai og Norheimsund tysdag 30.april. Tidspunkt på begge stader:
kl.17.30. Me må gjera det godt kjend i HF (Inger Karin set inn to små annonsar. Solfrid gjev beskjed).
Plakat i Vikøy (Magne). Få det med i kunngjeringar + på fb. Avtala med gravar om kva som bør gjerast:
Solfrid. Randi ordnar med kaffi til dugnadsgjengen i Vikøy, og Brynhild ordnar i Nhs. Me et evt is etter
konf.festen.

19 / 24 Føremiddagstreff. Dei som er med i arbeidsgruppa for føremiddagstreffa, har no teke ansvar i eit
år slik dei sa ja til. Dei er 4 medlemer i komiteen: To frå Nhs og to frå Øystese. No er dei i gang med
rekrytterar nye. SR godkjenner det. Vetle takkar på vegne av SR. Dei får ein glassengel som takk.

20 / 24 Planar for denne 4-årsperioden i soknerådet

- Vetle orienterte om bruk av «Kirka vår», eit planverk for å få betre oversikt og meir eigarskap til
det me jobbar med i soknerådet. Soknerådet har som hovudoppgåve å nærare det kristelege livet
gjennom diakoni, kyrkjemusikk og trusoplæring. Kva ynskjer me å bruka tida og ressursane
våre på dei neste 4 åra? Kva og kor vil vi satsa?
Me treng ei arbeidsgruppe som kan jobba med dette, helst to stk frå SR. Dette tenkjer me på til
nest gong.

21 / 24 Eventuelt

- Mail frå Olav Skeie Lid om søknad til Hardangerstiftinga m.o.t. tilskot til projektor og lerret. Astrid
spør om Erling kan skriva søknad. Han kan evt.få hjelp av Olav.
- Me må setja pris på frivilligheten og ha ein «smashing fest» til hausten.
- Flygelet i kyrkja (Hardingtonar sitt): Tove kan vera «primus motor» når det gjeld å senda søknad
om nytt flygel. Ho sjekkar med Olav.
- På dugnadsdagen i Norheimsund finn me ut kvar «stien» ned/opp frå kyrkja går.
- «Kvammaveko» er flytta til veke 42.

Neste SR er 28.mai. Mat: Brynhild Opning: Gudrun

Referent: Gudrun Skeie Langeland